

Viktig debatt om sosiale medium

TO SETNINGAR OG ein sokalla «likes» i eit kommentarfelt på Facebook gjorde ordførar i Vik, Marta Finden Halset svært opprørt sist veke. Årsaka til denne reaksjonen var ikkje først og fremst innhaldet i ytringa, men kven som var avsendar.

«Dette handlar om korleis dei ytrar seg i forhold til den rolla dei har.»

DET HANDLA OM direktøren i Innovasjon Noreg i Sogn og Fjordane, Halvor Flatland. Og det at han uttalte seg om den betente hotellsaka i kommunen og dessutan konstaterte følgjande: «Kjennskap og venskap (slektsskap) er utfordrande i mange saker i Vik kommune».

ORDFØRAREN MEINTE AT ein person i Flatlands stilling ikkje kan karakterisera forholda i ein kommune på denne måten i sosiale medium. Ho stilte også spørsmål om kvar Vik kommune skal senda søknader om midlar frå Innovasjon Noreg etter dette.

FLATLAND ORSAKA OG presiserte at han hadde uttalt seg som privatperson. Spørsmålet er kvar grensene går for korleis ein person i ei slik stilling kan eller bør ytra seg i sosiale medium.

SOGN AVIS HAR sjekka om og eventuelt kva retningslinjer Innovasjon Noreg sentralt har for korleis regiondirektørar kan eller bør bruka sosiale medium.

SVARET FRÅ INNOVASJON Noreg var godt pakka inn, men kan ikkje tolkast annleis enn at Flatland ikkje burde ha ytra seg som han gjorde i ei sak som dette.

MEDARBEIDARANE I INNOVASJON Noreg blir nemleg gjort merksame på at aktivitet på sosiale medium som Facebook, krev aktsemd i forhold til roller, kva som blir publisert og korleis det kan oppfattast av dei som ser og les det.

DET ER ALTSÅ ikkje slik at direktørar og andre i Innovasjon Noreg på noko vis er fråtekne retten til å ytra seg, verken her eller der. Dette handlar om korleis dei ytrar seg i forhold til den rolla dei har.

FRAMLEIS ER DETTE med sosiale medium forholdsvis nytt, og mange har openbert behov for å tenkja seg om både ein og to gonger før dei publiserer på nettet, vera seg på Facebook, Instagram eller kvar som helst elles.

OG SJØLVSAKT BØR dei som sit i stillingar der dei forvaltar store offentlege midlar på vegner av oss alle, vera ekstra varsame. Noko Innovasjon Noreg altså fortel til sine medarbeidarar.

DET ER NEPPE tvil om at dette framleis er ein viktig og interessant debatt. Ein grei køyreregel – for alle og ein kvar, eigentleg – kan vera å vita at det du publiserer på ein open profil på t.d. Facebook, må tola å bli publisert kvar som helst, når som helst.

Er det moderne med dårligere posttjenester?

Helge Orten, stortingsrepresentant og postpolitisk talsperson i Høyre, har skrevet leserinnlegg om hvorfor folk må belage seg på dyrere og dårligere posttjenester med Høyre og Frp i regjering. Han påpeker at postvolumene er fallende og at de vil fortsette å falle, og at man derfor må kutte ut lørdagsomdeling av post. Han hevder at dette er en del av regjeringens djerve mål om å modernisere forvaltningen og postomdelingen i Norge. Jeg tror ikke at folk flest oppfatter dårligere tjenester som et godt moderniseringsmål.

Det Orten i tillegg skjuler, ved ikke å skrive om det, er at Høyre og Frp samtidig mener at full konkurranse om resten av brevposten og innføring av EUs tredje postdirektiv også er fremtidsrettede tiltak. Det er liten tvil om at brevolumene reduseres kraftig, men da må man undres over hvorfor det er lurt å la flere postselskaper konkurrere om et fallende marked, slik regjeringen foreslår i den nye postloven. Men det er kanskje for at de om noen år skal kunne hevde at vi trenger ytterligere «modernisering» ved å gjøre posttjenestene enda dyrere og dårligere? Det er kun noen få år siden Høyre og Frp hevdet at de var garantister

for lørdagsomdeling av post.

I dag har vi et spleiselag som sørger for likeverdige posttjenester til lik pris i hele landet. Den rød-grønne regjeringen bidro til dette ved å legge ned veto mot innføring av EUs postpolitikk i Norge. Nå fjerner Høyre og Frp grunnlaget for dette spleiselaget ved å åpne for full konkurranse på posttjenestene. Denne konkurransen vil føre til forskjeller i service, kvalitet og pris på posttjenester mellom de mest urbane områdene og resten av landet. Tilbudet til folk og næringsliv vil bli forskjellig, avhengig hvor du bor eller driver næring. I tillegg til at det blir forskjeller, må staten subsidiere Posten betydelig mer enn hva de gjør i dag. I dag har vi posttjenester som fungerer og et postselskap som har tilpasset seg endringene i markedet i godt samarbeid med de ansatte.

Regjeringen ønsker å erstatte en fungerende postpolitikk med en politikk som er dyr, dårlig og distriktsfiendtlig. Vi synes ikke dette er modernisering, tvert imot.

Odd Christian Øverland
Forbundsleder i LO-forbundet Postkom

Sogn Jord- og Hagebruksskule en nasjonal kunnskapsbauta!

Statsministeren, og flere ministre med, reiser land og strand rundt og prediker satsing på kunnskapssamfunnet. Det er kunnskap vi skal leve av i framtida! Det gjelder tydeligvis ikke for landbruket og landbruksskolene.

Sterke kunnskapsbaser og økologiske fagmiljø er umistelige for framtida. Omlegging fra konvensjonell til økologisk drift på egen gård hadde vært betydelig vanskeligere uten regionale fagmiljø. Økologisk landbruk handler om å bruke lokale ressurser og lokalkunnskap tilpasset gårdsnivå. På noen områder handler det om den økologiske tenkinga som metode. Her har Sogn Jord- og Hagebruksskule levert på nasjonalt nivå!

På gården vår produserer vi melk og lager økologiske, upasteuriserte oster. I tillegg til egen arbeidskraft har vi ansatte. All grunnleggende kunnskap om økologisk ysting har vi hentet gjennom samarbeidet med Sogn Jord- og Hagebruksskule, og skolens kontakter til franske ystemiljø. Skolen er en nasjonal motor i metode og utviklingsarbeide for økologisk landbruk og videreforedling på gårdsnivå.

De ansatte på Sogn Jord- og Hagebruksskule er dyktige til å ivareta vår etterspørsel etter FoU. Det gjelder for lærematerieell, forskning på prøver fra upasteuriserte og pasteuriserte oster i samarbeid med Nofima, kunnskap om bakteriekulturer, emballasje eller nettverksbygging.

Modulkursene i ysting sikrer at våre ansatte får en faglig utdanning. Vi trenger Sogn Jord- og Hagebruksskule til å utvikle læreplaner som gir våre ansatte utdanning innenfor en læreplan som gir formell kompetanse. Etter forespørsel fra våre ansatte har vi henvendt oss til Sogn Jord- og Hagebruksskule for å be om at skolen utvikler videreutdanning for økologisk ysting på fagskolenivå. Jeg vet ingen andre som kan påta seg den oppgaven!

Festtalene om lokal mat, økologisk mat og lokal verdiskaping er mange. For å produsere det som etterspørres trenger vi kunnskap nå og for framtida: Vi trenger Sogn Jord- og Hagebruksskule!

Astrid T. Olsen
Gårdbruker og SV-politiker i Nordland

redaksjon @ sognavis.no

Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avistrykk as, Førde,

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

Sei meininga di om leiaren på sognatreff.no